



Riksantikvaren v/Eva Walderhaug

Dato: 17.01.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/1022-4

Søknad om tilskot under Statsbudsjettet kap. 1429, post 70 - Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG)

Hordaland fylkeskommune, Seksjon for kulturminnevern og museum viser til Dykkar orientering i e-post datert 18.12.2013, om søknadsprosedyrar og midlar til skjøtsel/tilrettelegging av bergkunst knytt til Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG).

I forvaltninga av bergkunstlokalitetane i Hordaland, vil Hordaland fylkeskommune halde fram med det gode samarbeidet med Universitetsmuseet i Bergen. I fjor blei dei to institusjonane einige om å arbeide tett saman om både forprosjektering av større tilretteleggingsprosjekt og dei regelmessege skjøtels- og sikringstiltaka, basert på ei felles prioriteringsliste over dei aktuelle lokalitetane. Denne lista låg til grunn for utført skjøtelsarbeid i 2013 og planlegging av meir omfattande tilretteleggingstiltak. Dette arbeidet vil halde fram i 2014 med overføring av attverande midlar frå 2014.

I samband med synfaring og skjøtsel av helleristningslokalitetane Mostraumen id. 91322 og Bruteigsteinen id. 90158, blei ein merksam på eit par større utfordringar som vil gå utover rammene for dei tildelte skjøtelsmidlane.

Når det gjeld Bruteigsteinen så er tilkomstrampa i så dårleg forfatning at det ikkje er forsvarleg å lede besøkjande utpå ho. Delar av denne rampa heng no og dinglar ut over den 15 m høge terrasseskråninga, og må straks reparerast av ein entreprenør godkjent for ansvarsrett. Dette må gjerast i løpet av april, ettersom geitene på garden også kjem seg inn ved den øydelagde delen av rampa og skraper horna mot det nye skiltet. Vi vil no få inn anbod frå lokale entreprenørar, men ut frå det bratte terrenget og vanskeleg tilkomst, vil arbeidet truleg kome opp mot ein kostnad på kr. 100.000.

I samarbeid med Modalen kommune om utarbeiding av skjøtelsplan for helleristningane ved Mostraumen, har ein tidlegare vurdert om det var mogeleg å få i stand ein installasjon for lyssetting av figurane. Sjølv om det ikkje er mange figurar på denne lokaliteten, vil dei ulike vinklane på bergflata føre til at ein må nytte mange lyskjelder frå fleire kantar. Eit stativ med mange lyskjelder framfor ristningane, eller fleire installasjonar montert på bergflata, vurderer vi som meir skjemmaende enn verdien av denne forma for formidling.

Derimot kan ein her trekke vekslar på dei gode erfaringane Hordaland fylkeskommune har med bruk av QR-kodar og applikasjonar for smarttelefonar/nettbrett i samband med tilrettelegging av Rallarvegen. Formidling av lite synlege helleristningar vil til forskjell innebere georeferert fotogrammetri, noko som krev utvikling av ny programvare. Dette er i så måte nybrottsarbeid innan

formidling av bergkunst, der ein høg utviklingskostnad må sjåast i samanheng med generell høg nytteverdi, med vidare bruksområde som alternativ til oppmåling av figurar på andre lokalitetar.

I samband med planlegginga av dette prosjektet har vi henta inn ei meir detaljert skildring av dei tekniske løysingane vist nedanfor. Det detaljerte budsjettet over utviklingskostnadane vil bli nytta i ei eventuell anbudsrunde, og blir difor ikkje vist i denne søknaden. Til meir generelt til bruk i denne søknaden kan ein leggje til grunn ein omtrentleg utviklingskostnad på kring 400.000 kr.

Interaktiv formidling av helleristningsfelt via smarttelefoner/ipads

Appen vil være et hjelpemiddel til å oppleve helleristninger som er lite synlige og vanskelige å se uten skrålys/oppmåling.

Funksjon:

Appen vil gi en virtuell 3 dimensjonal oversikt over helleristningsfeltet hvor alle ristningene er tydeliggjort grafisk. Ved hjelp av smarttelefon/ipads innebygde GPS, kompass og hellningsdetektor (inclinometer) vil man kunne gå rundt på feltet og finne og se interaktivt de ulike helleristningene via skjermen. Via skjermen vil man også kunne klikke på hver helleristning og få den opp i fullskjerm for å se den i detalj. En database med info vil også være tilgjengelig for alle helleristningene samt for feltet som helhet.

Sekvenser i utviklingen av appen:

*Datainnsamling, innmåling, fotogrammetri av helleristningsfeltet og enkelt ristninger, foto
Bearbeiding av data, produksjon av optimalisert 3d mesh av feltet og grafisk tilrettelegging av helleristningene
Tilrettelegging av databaseinfo
Programmering av funksjonalitet brukergrensesnitt
Testing og optimalisering
Lisensering Apple/Appstore*

Modalen kommune har lenge ynskt å tilretteleggje denne lokaliteten. Etter alt å døme vil dei bidra med noko av finansieringa, men kommuneadministrasjonen må avklare dette med sine politikarar. Derimot er Hordaland fylkeskommune sine ressursar til skjøtsel- og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne er svært avgrensa, og blir brukt opp i delfinansieringa av BARK-prosjekta og delfinansieringa av den nye rampa ved Bruteigsteinen. Ut over overførte midlar frå 2013, har Hordaland fylkeskommune difor ikkje ytterlegare midlar i år til å kunne bidra i dette forprosjekteringsarbeidet, og søker i vesentleg grad Riksantikvaren om finansiering av prosjektet.

Hordaland fylkeskommune søker om tilskot til følgjande tiltak:

Prioritet	Prosjekttittel	Samarbeid	Total kostnad	Tilskot
1	Ny rampe ved Bruteigsteinen, id. 90158, Etne kommune	Hordaland fylkeskommune, Universitetsmuseet i Bergen, Etne kommune, grunneigar Eivind Jensen	100.000,-	50.000,-
2	Interaktiv formidling av helleristningslokaliteten Mostraumen, id. 91322, via smarttelefoner/nettbrett, Modalen kommune	Hordaland fylkeskommune, Universitetsmuseet i Bergen, Modalen kommune	400.000,-	300.000,-
			500.000,-	350.000,-

Tabellen over syner prosjekta i prioritert rekkefølge, og har ei kostnadsrame på kroner 500.000,-. Av dette vil vi søkje Riksantikvaren om stønad i storleik kroner 350.000,-. Som prosjektleiarar vil vi kunne nytte egne ressursar til reparasjon av rampa ved Bruteigsteinen.

Utfylt EXCEL-skjema som skal følgja med søknaden er sendt per e-post.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Tore Slinning
spesialrådgiver | arkeolog

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.